

Opplysningsvesenets Fond  
Postboks 535 Sentrum  
0105 Oslo

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/589 - 23/5056

Saksbehandlar:  
Stein Kåre Løvslett  
stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Dato:  
31.05.2023

## Vedtak - pålegg om retting av mangler ved septikktank - gbnr 156/10 - Austrheimsvegen 1254

### Administrativt vedtak. Saknr: 059/23

Vi syner til melding frå NORVA 24 Vest AS om feil ved septikktank motteke 08.05.2023 (vedlagt).

### Vedtak

**Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljare på gnr. 156 bnr. 10 i medhald av plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.**

### Saksutgreiing:

Austrheim kommune har fått melding frå Norva 24 Vest AS som er operatør for tømning av septikktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er høgt veskenivå i septikktanken. Høgt veskenivå i septikktanken kan vere ein indikasjon på lekkasje i tanken, samt tett utløp frå septikktanken. Begge disse manglane kan føre til ulovlege utslepp og ureining av grunnen. Disse manglane må utbetrast av fagleg kompetent personell.

**Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.**

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Stein Kåre Løvslett  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

NGIR

Norva24 Vest As Avd Sløvåg

Lindåsvegen 1260

Sløvågen 16

5956

5960

HUNDVIN

DALSØYRA

**Mottakere:**

Opplysningsvesenets Fond

Postboks 535  
Sentrum

0105

Oslo